



# Masfjorden kommune

## Innkalling

av

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 27.11.2017  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 14.00 - 15.30

Eventuelle forfall må meldast til Helga Ellingsen per tlf. , sms til eller per epost til [Helga.Ellingsen@masfjorden.kommune.no](mailto:Helga.Ellingsen@masfjorden.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

- 005/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 006/2017 Godkjenning av møtebok
- 007/2017 Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - handlingsplan for 2018
- 008/2017 Referatsak
- 1 Budsjet 2018 & økonomiplan
- 2 Kommunale omsorgsbustader på Haugsvær
- 3 Prosjektmandat Velferdsteknologiprogrammet
- 4 Referat prosjektgruppe
- 5 Framlegg til planprogram for kulturminneplan for Masfjorden kommune (L)(65704)

17. november 2017

Hildegunn Bjånes  
møteleiar

Helga Ellingsen  
sekretær

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		17/1137

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2017	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	27.11.2017

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		17/1137

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2017	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	27.11.2017

### Godkjenning av møtebok

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 141, TI - &38, FA - C29	17/1087

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2017	Eldrerådet	PS	27.11.2017
115/2017	Formannskapet	PS	28.11.2017
007/2017	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	27.11.2017
	Kommunestyret	PS	

### Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - handlingsplan for 2018

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande handlingsplan for 2018:

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn/ Fakta

Handlingsplanen for 2018 bygger på framlegget til Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet som vart vedteken send ut på høyring av formannskapet i sak 39/2017 og på handlingsplanen for 2017, vedteken i kommunestyresak 88/2016. Der vart desse anlegga prioriterte:

##### A Ordinære anlegg

- 1 Matre symjebasseng
- 2 Kunstgras på idrettsbana, Matre
- 3 Kunstdekke på løpebana, Matre
- 4 Rehabilitering friidrettsanlegg Nordbygda
- 5 Lysløype/turveg på Sleire
- 6 Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
- 7 Turveg Haugsvær – Matre
- 8 Fleirbrukshall
- 9 Klubbhus Stordalen

##### B Nærmiljøanlegg

- 1 Oppgradering Haugsvær ballbinge
- 2 Sandvolleyballbane, Skolten
- 3 Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg
- 4 Miniaturskytebane, Nordbygda
- 5 Vidare utvikling av nærmiljøanlegg, Sandnes skule

## 6 Orienteringskart ved skulane

I januar 2017 vart det søkt om spelemidlar til desse anlegga:

Ordinære anlegg:

- 1 Matre symjebasseng
- 2 Kunstgras på idrettsbana, Matre
- 3 Kunstdekke på idrettsbana, Matre

Nærmiljøanlegg:

- 1 Oppgradering av Haugsvær ballbinge
- 2 Sandvolleyballbane, Skolten
- 3 Turstigar på Bakken, Kvingo

Pkt 3 var ikkje med i handlingsplanen for 2017, men kom inn i arbeidet med kommunedelplanen.

I juni 2017 fekk me restløyvinga, kr 850000, til symjebassenget. Dessutan fekk me tilsegn om nærmiljømidlar til Haugsvær ballbinge (78000) og turstigar på Kvingo (300000). Dei andre søknadene om spelemidlar er godkjende av fylkeskommunen og står i løyvingskø.

### Høyring

Framlegget til handlingsplan er send Idrettsrådet til uttale. Dei har kome med eit innpsel:

Nærmiljøanlegg: ballbinge ved Skjelsundet.

### Vurdering/ Konklusjon

Det er framleis ventetid på spelemidlar. Kommunestyret bør difor halda høg prioritet på dei anlegga som nærmar seg å komma i posisjon til å få midlar. Matre symjebasseng har fått si siste løyving og kan gå ut av lista. Det er då naturleg at dei to neste anlegga frå fjorårslista rykker opp eit hakk. Arbeidsgruppa som skulle arbeida med plan for rehabilitering av friidrettsanlegg i Nordbygda kom i gang sist vinter, men arbeidet har stoppa opp. Heller ikkje for dei andre anlegga på prioriteringslista ligg det føre konkrete planar.

Når det gjeld nærmiljøanlegg er det berre kome eit framlegg til nye tiltak. Rådmannen gjer difor framlegg om at lista for 2017 vert revidert i høve til dei anlegga me har fått spelemidlar til og innspelet frå Idrettsrådet. Det er viktig at lag/personaar som har anlegg dei vil fremja, får sett i gang planlegging.

Med bakgrunn i prioriteringane i kommunedelplanen og kommunestyrevedtaket frå i fjor vil rådmannen leggja fram følgjande prioriteringsliste for 2018:

#### A Ordinære anlegg

- 1 Kunstgras på idrettsbana, Matre
- 2 Kunstdekke på løpebana, Matre
- 3 Rehabilitering friidrettsanlegg Nordbygda
- 4 Lysløype/turveg på Sleire
- 5 Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
- 6 Turveg Haugsvær – Matre
- 7 Fleirbrukshall
- 8 Klubbhus Stordalen

## B Nærmiljøanlegg

- 1 Sandvolleyballbane, Skolten
- 2 Ballbinge ved Skjelsundet.
- 3 Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg
- 4 Miniatyrskyttebane, Nordbygda
- 5 Vidare utvikling av nærmiljøanlegg, Sandnes skule
- 6 Orienteringskart ved skulane
- 7 Vidare arbeid med turstigar på Kvingo

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		17/1137

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2017	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	27.11.2017

### Referatsak

#### 32T

1. Budsjett 2018 & økonomiplan
2. Kommunale omsorgsbustader på Haugsvær
3. Prosjektmandat Velferdsteknologiprogrammet
4. Referat prosjektgruppe
5. Framlegg til planprogram for kulturminneplan for Masfjorden kommune (L)(65704)

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:



## Saksframlegg

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>
	Formannskapet	
	Kommunestyret	
<b>Sakshandsamar:</b>	Rådmann	Svein Helge Hofslundsengen
<b>Avgjerslemynde:</b>	Arkivnr.: 17/662	Klassering:

### Årsbudsjett 2018 og økonomiplan & handlingsplan 2018-2021

1. Driftsbudsjettet for Masfjorden kommune 2018 utgjør 216,7 mill. kr i driftsinntekter, jf. økonomisk oversyn drift, og vert lagt fram i balanse. Netto driftsresultat er - kr 1 586 000. Frie disponible inntekter i budsjett for 2018 er 155 mill. kr., skjema 1A. Med netto finanstransaksjoner på - 5,522 mill. kr og netto avsetningar på 1,586 000 kr, vert det 151.021.676 kr til fordeling til drift, skjema 1B, og fordelar seg slik pr rammeområde;

#### BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT RAMMEOMRÅDER

	<b>Framlegg B 2018</b>
01 Folkevalgte organ	2 082 928
02 Administrasjon	13 435 105
03 Barnehage	18 170 740
04 Skule	41 814 916
05 Helse	10 099 600
06 Sosial og barnevern	5 006 000
07 Pleie og omsorg	46 530 578
08 Kultur	6 249 216
09 Kyrkja	3 500 000
10 Teknisk	6 576 825
11 Andre tenesteområder	-2 444 232
<b>Sum overført til 1A</b>	<b>151 021 676</b>

2. Rammeområde kyrkja utgjør samla 3,5 mill.kr. i 2018, fordelt med driftstilskot kr. 2.173.300 til Masfjorden kyrkjelege fellesråd (MKF), tenesteytingsavtale utgjør 391.700 og kompensasjon rente- og avdrag kr. 320.000,-, driftstilskot andre trusamfunn utgjør kr. 40.000, og driftstilskot frivilligheitsentral utgjør kr. 65.000,-. Driftstilskot med kr 510 000 til kyrkjegardar.
3. For eigedomsskattåret 2018 vert det skriven ut eigedomsskatt på verk og bruk, jf. eigedomsskattelova (esktl.) §3 første ledd bokstav c. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2017 er 7 promille, jf. esktl. §11 første ledd.
4. Investeringsbudsjettet 2018 utgjør



<b>BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR</b>	
	<b>Budsjett 2018</b>
<b>Investering i anlegg</b>	<b>44 150 000</b>
<b>IKT-investeringar</b>	
- EDB-felles	500 000
- Breiband	3 500 000
<b>Kommunale bygg</b>	<b>3 300 000</b>
- Omsorgsbustad Hosteland	34 500 000
<b>Kommunale vegar</b>	<b>1 000 000</b>
<b>Bustadfelt - tilrettelegging</b>	<b>750 000</b>
<b>VAR</b>	<b>600 000</b>

Og med følgjande tiltak under hhv.

<b>Kommunale bygg</b>	<b>3 300 000,-</b>
Ventilasjon Indrefjorden Barnehage	1.000.000,-
Nordbygda Skule, Takstein	1 000 000,-
Nordbygda Skule, Vindu	500 000,-
Maling kommunale bygg, Sandnes skule, Omsorgsbygg Hosteland., legekantor.	300.000,-
Masfjorden Sjukeheim ringesignal	500 000,-
<b>Kommunale Vegar</b>	<b>1.000.000,-</b>
Haugsdal game kai	100.000,-
2 Indrefjorden Barnehage – Bjørnvest	200.000,-
3 Byrkjeland	300.000,-
5 Fossdalen	100.000,-
Gunnarbuøyra	300.000,-
<b>VAR</b>	<b>600 000 -</b>
Oppgradering av IT utstyr vassverk/ kloakkpumpeasjon/ vassmålarar	300 000,-
Beredskapstilkopling vassforsyning -	100 000,-
Oppgradering avløp Amundsbotn	200 000,-

5. Økonomiplan 2018 – 2021, driftsrammer jf. vedtekne driftsrammer i rammesaka 2018-2021 og KS sak 43/17
6. økonomiplan/Investeringsplan 2018 – 2021

**BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR**

	<b>B 2018</b>	<b>B 2019</b>	<b>B 2020</b>	<b>B 2021</b>
<b>Investering i anlegg</b>	<b>44 150 000</b>	<b>27 150 000</b>	<b>16 150 000</b>	<b>16 150 000</b>
<b>IKT-investeringar</b>				
- EDB-felles	500 000	500 000	500 000	500 000
- Breiband	3 500 000			
<b>Kommunale bygg</b>	<b>3 300 000</b>	<b>3 300 000</b>	<b>3 300 000</b>	<b>3 300 000</b>
<b>Omsorgsbustadar Hosteland</b>	<b>34 500 000</b>			
<b>Fensfjordbygg</b>		21 000 000		
<b>Kommunale vegar</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>
<b>Masfjordsambandet - Masfjordbrua</b>			10 000 000	10 000 000
<b>Bustadfelt - tilrettelegging</b>	<b>750 000</b>	<b>750 000</b>	<b>750 000</b>	<b>750 000</b>
<b>VAR</b>	<b>600 000</b>	<b>600 000</b>	<b>600 000</b>	<b>600 000</b>

7. Avskrivningane i 2018 budsjett vert justert i tråd med aktiverte investeringar i rekneskapen for 2017.
8. Handlingsplan 2018-2021 vert innarbeidd som del av saldert budsjett 2018 og handlingsplan m/økonomiplan 2018-2021 på nyåret

**Saksopplysningar:****Bakgrunn**

Kommunestyret skal innan utløpet av året vedta årsbudsjett for neste kalenderår og økonomiplan for dei neste fire åra. Årsbudsjett er eit overslag på kommunen sine inntekter for det neste aktuelle året, og er ein bindande plan for bruk av dei økonomiske ressursane ein har tilgjengeleg. Budsjettet er det primære styringsdokumentet i økonomiforvaltninga. Det er formannskapet som legg fram årsbudsjett og økonomiplan, etter tilråding frå rådmann.

**Høyring**

Årsbudsjett og økonomiplan vert lagt ut til offentleg ettersyn i 14 dagar etter at formannskapet har gitt si innstilling kring årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-21.

**OFFENTLEG ETTERSYN  
ÅRSBUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018 – 2021**

Masfjorden kommune sitt årsbudsjett for 2018 og økonomiplan 2018 – 2021, vert i samsvar med kommunelova § 45 pkt.3 og økonomiplan heimla i kommunelova § 44 pkt. 7, lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 10. november til 27. november 2017 – og vert handsama av kommunestyret i møte den 28.november '17

**Merknader til årsbudsjett for 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 må vere administrasjonen i hende innan 27. november 2017 kl. 09.00.**

**Merknader sendast til Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES eller på epost tilpost@masfjorden.kommune.no**

Dokumentet vert utlagt på tenestetorget på kommunehuset, biblioteka i kommunen, Sandnesbutikken, Kvingo Nærkjøp, Nordbygda Senter og Nærbutikken Haugsvær. Dokumenta finn du og på Masfjorden kommune sine heimesider.

## Uttale

### Fakta & vurderinga

Samla driftsbudsjett 2018 etter innspel frå tenesteområda hadde eit avvik på kr 8.322.676 og eit netto driftsresultat på – 9,9 mill.kr. medan målet er eit netto driftsresultat på 1,75% av driftsinntektene, om lag 4 mill.kr. i pluss. Budsjettavvik mellom innspel og mål utgjer såleis om lag 12 mill.kr. i differanse. Fokus har vore å få fram eit balansert budsjett for formell handsaming av 2018 budsjettet, basert på oppretthalde dagens tenestenivå, og følgjande justeringa er gjort for å få budsjettet i balanse;

Budsjettavvik pr. dato	8 322 676
auka opp sum frie inntekter 2018 kr.	-3 122 676
konsesjonskraft	-2 500 000
renter innlån	-200 000
redusere sats pensjon frå 17 til 15%	-2 000 000
redusere sum avdrag	-500 000
	-8 322 676

Jobbe vidare med reelle kostnadkutt pr. rammeområde

15100	Avdrag eksterne lån	5 500 000	5 300 000	5 486 447	-500 000
15000	Renter lån eigne formål	1 100 000	1 300 000	1 096 268	-200 000
18700	Skatteinntekter	-45 862 000	-44 661 000	-43 021 591	-1 000 000
18000	Rammeoverføringar	-72 489 676	-69 243 000	-68 606 998	-2 122 676
16500	Sal av konsesjonskraft	-5 000 000	0	-4 003 503	-2 500 000
10900	Pensjon				-2 000 000
					<b>-8 322 676</b>

Avviket mellom rammesak og budsjettinnspel varierer mykje, nokre områder er rimeleg bra i samsvar med rammesaka, medan andre ligg langt over. Budsjettframlegget i balanse bygger på rammesaka og komm.prp. i mai. Slik at det er behov for vidare arbeid med 2018 budsjett fram mot saldering tidleg på nyåret, og dette arbeidet er starta, og det er gjort endringa som førebels ikkje er innarbeidd.

Statsbudsjettet ga oss ingen drahjelp, med ein vekst i frie inntekter på 1,5%, som er langt under løns- og prisvekst – men har sine naturlege forklaringa.

Statsbudsjettet ga 1,2 mill.kr. mindre i frie inntekter enn kalkulert/lagt inn i 2018 budsjettet, får ein vekst på 1,5% - medan løns- og prisvekst er forventa å bli 2,6%. = Realnedgang i frie inntekter, samt reduserte kraftinntekter

KOMMUNE	innb.t. m/utg.utj. m/INGAR	region-senter tilskot	små komm. tillegg	distrikts-tilskot S.-Noreg	vekst tilskot	gangs-ordning k.reform	ordinært skjøn	SUM ramme overføring	Pårekna skatt + innt.utj.	SUM pårekna frie inntekter	Pårekna vekst i % frå rekneskap 2017 til 2018
Masfjorden	71147		3326	0	0	0	0	74473	52849	127322	1,5

Fylkesmannen si vurdering kring skjøn (dei fleste kommunane i Hordaland får)

*Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag som følgje av naturressursskatt og eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Kommunen vil få småkommunetilskot også i 2018. Tilskotet er i 2017 og 2018 redusert frå fullt tilskot som følgje av relativt høg distriktsindeks. Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2018.*

	HELE LANDET		MASFJORDEN			Bruk av folketall 1.7.2017	
	Vekt	Antall	Antall	Utgifts- behovs- indeks	Pst. utslag	Tillegg/ fradrag i utgiftsutj kr per innb	1000 kr
0-1 år	0,0054	118 267	32	0,8264	-0,09 %	-47	-81
2-5 år	0,1414	246 598	90	1,1147	1,62 %	814	1 406
6-15 år	0,2646	634 798	213	1,0248	0,66 %	330	570
16-22 år	0,0225	465 492	160	1,0498	0,11 %	56	97
23-66 år	0,1033	3 035 065	877	0,8826	-1,21 %	-609	-1 052
67-79 år	0,0551	555 836	227	1,2474	1,36 %	684	1 181
80-89 år	0,0758	177 201	103	1,7753	5,88 %	2 948	5 095
over 90 år	0,0382	44 561	26	1,7821	2,99 %	1 499	2 590
Basistillegg	0,0189	325	1,0000	9,3960	15,87 %	7 961	13 756
Sone	0,0101	20 473 409	29 437	4,3916	3,43 %	1 718	2 969
Nabo	0,0101	9 385 627	13 380	4,3541	3,39 %	1 699	2 937
Landbrukskriterium	0,0021	1	0,0016	4,8697	0,81 %	408	704
Innvandrere 6-15 år ekskl Skand	0,0071	49 464	19	1,1732	0,12 %	62	107
Norskfødte med innv foreld 6-15 år ekskl Skand							
Flyktninger uten integreringstilsk	0,0084	147 902	2	0,0310	-0,81 %	-408	-706
Dødlighet	0,0451	41 160	12	0,8905	-0,49 %	-248	-428
Barn 0-15 med enslige forsørger	0,0164	122 673	39	0,9710	-0,05 %	-24	-41
Lavinntekt	0,0103	260 937	34	0,3980	-0,62 %	-311	-538
Uføre 18-49 år	0,0065	94 623	18	0,5810	-0,27 %	-137	-236
Opphopningsindeks	0,0096	224	0	0,1315	-0,83 %	-418	-723
Urbanitetskriterium							
Aleneboende 30 - 66 år	0,0194	449 127	94	0,6392	-0,70 %	-351	-607
PU over 16 år	0,0483	19 487	9	1,4106	1,98 %	995	1 719
Ikke-gifte 67 år og over	0,0451	342 622	151	1,3461	1,56 %	783	1 353
Barn 1 år uten kontantstøtte	0,0173	40 654	11	0,8076	-0,33 %	-167	-288
Innbyggere med høyere utdanni	0,0190	1 321 033	241	0,5572	-0,84 %	-422	-729
<b>1 Kostnadsindeks</b>	<b>1,0000</b>			<b>1,33517</b>	<b>33,52 %</b>	<b>16 815</b>	<b>29 056</b>
(Tillegg/trekk kr pr innb.)						Alle tall i 1000 kr	
2 Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr						<b>29 056</b>	
3 Nto.virkn. statl/priv. skoler						724	
4 Sum utgiftsutj. mm (2+3)						<b>29 779</b>	
Gjennomsnittlig beregnet utgiftsbehov i kr pr innbygger:						50 167	

Forklaring på den svake auken i 2018, skuldast **nedgang i tal eldre**, 80-89 og over 90 år går ned, og **utgjer samla nedtrekk på kr. 2,3 mill.kr.** – og hadde **desse postane vore uendra** ville ein fått ein **vekst**

	2017	2018	avvik
	5645	5095	
	4342	2590	
	9987	7685	<b>2 302</b>

på 3,4%, i stadenfor 1,5%

**Utgiftsbehovet i 2018 utgjer 33,52% mot 34,94% i 2017 (PU går frå 10 i 2017 til 9 i 2018)**  
Slik at sum frie inntekter følgjer av naturlege svingingar og ikkje av endring(ar) i inntektssystemet, men det alvorlege i statsbudsjettet er massive endringsframlegg for eigedomsskatten, som får konsekvensar på sikt (om dei vert vedtekne) og vil gjere store utslag i våre rammer for 2019 og framover.

Ar Masfjorden	
2016	20 880 177
2017	18 361 334
2018	15 804 532
2019	13 878 943
2020	10 632 826
2021	9 266 893
2022	9 102 393
2023	8 973 386
2024	8 822 320
2025	9 101 734
2026	12 153 422

Prognose for eigedomsskatt kraftverk har ein svært negativ utvikling; og regjeringa følgjer ikkje opp stortingsvedtaket om kapitaliseringsrenta

- Nedgang eigedomsskatt – regjeringa gjer ingen endring i kapitaliseringsrenta – eigedomsskatten ned med 2,5 mill.kr. frå 2017 til 2018, og aukar i tillegg selskapsskatten, som er frådragsberettiga grunnlag for eigedomsskatt kraftverk – slik at denne vil gå ytterlegare ned.
- Endring eigedomsskatt verk og bruk, ytterlegare nedgang på sikt - jf. høyringsuttale tidlegare frå kommune si side
- Endring i eigedomsskatt, produksjonsliner – tatt vekk som grunnlag i sum eigedomsskattegrunnlag kraftverk
- Endring eigedomsskatt, kraftliner og trafo ut – noko som var «redning frå 2019 i økonomiplanen»

Planane på investeringsida er store, og det er utfordrande for budsjettdelen at planleggingsfasen tek lengre tid enn føresett, og at ein stadig må budsjettere inn att prosjekt som er heimla i tidlegare års budsjett. Oppføring av omsorgsbustadar Hosteland kjem i 2018, med heile byggekostnaden budsjettert til 34,2 mill kr., og andre prosjekt i tråd med rammesaka – så vert 2018 investeringane på brutto 44,15 mill.kr.

Investeringane 2019 – 2021 vert og veldig store grunna prosjekt som Fensfjordbygg og Masfjordsambandet,

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR				
	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
<b>Investering i anlegg</b>	<b>44 150 000</b>	<b>27 150 000</b>	<b>16 150 000</b>	<b>16 150 000</b>
<b>IKT-investeringar</b>				
- EDB-felles	500 000	500 000	500 000	500 000
- Breiband	3 500 000			
<b>Kommunale bygg</b>	3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000
<b>Omsorgsbustadar Hosteland</b>	34 500 000			
<b>Fensfjordbygg</b>		21 000 000		
<b>Kommunale vegar</b>	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
<b>Masfjordsambandet – Masfjordbrua</b>			10 000 000	10 000 000
<b>Bustadfelt – tilrettelegging</b>	750 000	750 000	750 000	750 000
<b>VAR</b>	600 000	600 000	600 000	600 000

Og dei fleste prosjekt treng ekstern finansiering i form av låneopptak, som gjer at lånegjelda vil auka mykje i økonomiplanperioden,

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Lånegjeld, pr. 1.1.	71 944 399	71 110 836	71 110 836	78 110 836	89 280 836	96 900 836
avdrag gjennom året	6 145 563	5 300 000	5 500 000	6 000 000	6 750 000	6 750 000
opptak nye lån	5 312 000	5 300 000	12 500 000	17 170 000	14 370 000	14 370 000
Lånegjeld, pr. 31.12.	71 110 836	71 110 836	78 110 836	89 280 836	96 900 836	104 520 836
pr. innbyggjar (1710)	41 585	41 585	45 679	52 211	56 667	61 123

Status pr. 2016; (teke inn som del av sak finansrapportering 31.12.2016);

KOSTRA gr. 6 som Masfjorden er ein del av låg på nesten 84.000 pr innbyggjar.

Gjennomsnittskommunen ligg på litt i overkant av 57.000

Auka kapital-/lånekostnader vil få driftsmessige konsekvensar utover i økonomiplanperioden.

Hovudoversiktar – deler gjengitt under – resten vert innarbeidd i sjølve «budsjetthefte»;

### BUDSJETTSKJEMA 1A - DRIFT

	Framlegg B 2018
Skatt på inntekt og formue	45 862 000
Ordinært rammetilskudd	71 596 176
Skatt på eiendom	17 800 000
Andre direkte eller indirekte skatter	13 400 000
Andre generelle statstilskudd	6 300 000
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>154 958 176</b>
Renteinntekter og utbytte	1 178 000
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	1 200 500
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	
Avdrag på lån	5 500 000
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-5 522 500</b>
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	
Til ubundne avsetninger	2 400 000
Til bundne avsetninger	10 000
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	
Bruk av ubundne avsetninger	3 986 000
Bruk av bundne avsetninger	10 000
<b>Netto avsetninger</b>	<b>1 586 000</b>
Overført til investeringsbudsjettet	
<b>Til fordeling drift</b>	<b>151 021 676</b>
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	151 021 676
<b>Mer/mindreforbruk</b>	<b>0</b>

## BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT RAMMEOMRÅDER

	Framlegg B 2018
01 Folkevalgte organ	2 082 928
02 Administrasjon	13 435 105
03 Barnehage	18 170 740
04 Skule	41 814 916
05 Helse	10 099 600
06 Sosial og barnevern	5 006 000
07 Pleie og omsorg	46 530 578
08 Kultur	6 249 216
09 Kyrkja	3 500 000
10 Teknisk	6 576 825
11 Andre tenesteområder	-2 444 232
<b>Sum overført til 1A</b>	<b>151 021 676</b>

### Konklusjon

Årsbudsjett for 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 er lagt fram i balanse. Netto driftsresultat i 2018 er svakt, og målsettinga for Masfjorden og kommunesektoren generelt om eit netto driftsresultat på 1,75% av sum inntekter er ikkje nådd. Ein jobbar mot dette resultatmålet i samband med saldering av 2018 budsjettet på nyåret.

Utfordringar i økonomiplanperioden vert i stor grad prega av prognosane for inntekt frå eigedomsskatt kraftverk, og framlegg til endringa i eigedomsskatten utover kraftverk jf. statsbudsjettet for 2018 med verknad frå år 2019, kor konsekvensane kjem til uttrykk påfølgjande år med ei innfasing over 5 år, dersom regjeringa sitt framlegg for endring av eigedomsskatten får gjennomslag på stortinget. Samt eit høgt planlagt investeringsnivå i eigen regi. Dette gjev samla sett store økonomiske utfordringa, og som vil kunne sette nivå på tenesteytingane under press. Andre faktorar som er usikre i økonomiplanperioden er rentenivå, folketalsutvikling og innfasing av nytt inntektssystem for kommunane.

### Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

### Vedlagte saksdokument:

Statsbudsjett2018	39806	28.10.2017
RAM-00-18	39807	28.10.2017



Haugsværtunet AS  
Postboks 9

5983 HAUGSVÆR

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/832 - 17/7305

Sakshandsamar:  
Helga Ellingsen  
Helga.Ellingsen@masfjorden.kommune.no

Dato:  
15.11.2017

## Kommunale omsorgsbustader på Haugsvær

Kommunestyret - 063/2017:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

**Masfjorden kommune kjøper 2 utseksjonerte bueiningar som skal nyttast som omsorgsbustader i Haugsværtunet AS. Dette er med atterhald av at kommunen får statleg finansiering til 2 omsorgsbustader gjennom Husbanken. Masfjorden kommune skal eige desse to bustadane, og er ansvarleg for å leige dei ut etter regelverk for omsorgsbustader.**

**Kjøp av 2 utseksjonerte omsorgsbustader på Haugsvær blir lagt inn i økonomiplan 2018 – 2021.**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Helga Ellingsen  
Helse- og omsorgsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### Mottakere:

Haugsværtunet AS

Postboks 9

5983

HAUGSVÆR

---

### Post

Austfjordvegen 2724  
5981 Masfjordnes

### Kontakt

Telefon: 56 16 62 00  
Faks: 56 16 62 01

postmottak@masfjorden.kommune.no  
Heimeside: [www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no)

Org.nr. **945627913**

Bankkonto: 3201 48 54958





## Prosjektmandat

Prosjektnr	Namn	Saknr
	Velferdsteknologi region Nordhordland	
Prosjektfase	2017-2020	
<b>Organisering</b>		
<b>Oppdragsgjevar</b>		
Regionrådet		
<b>Prosjektansvarleg</b>		
Rådmannen i Masfjorden kommune(vertskommune)		
<b>Administrativ styringsgruppe</b>		
Rådmennene i dei 10 kommunane og representant frå IKT, samt brukarrepresentant (ventar på svar frå FFO)k		
<b>Prosjektleiar</b>		
Kari Eidnes Bjørkheim		
<b>Prosjektgruppe:</b>		
Prosjektleiar Kari Bjørkheim , Kommunalsjef Masfjorden, Helga I Ellingsen, prosjektmedarbeidarar, Anita Sævild, Gro Løvik, Elin Eikemo og Oddrun Storheim Hoel, USHT Per Waardal, HTV- fagforbundet Rosalind Instebø, IKT NH, Nils Ingvald Halle.		
<b>Ressursgruppe</b>		
Ressurspersonar frå Masfjorden, Meland, Radøy, Lindås, Osterøy, Austrheim, Fedje, Modalen, Gulen, Vaksdal		
<b>Referansegruppe</b>		

Rune Heradsveit og Anne Hildegunn Færøy – NUI , Gunn Glimsdal – samhandlingskoordinator Haraldsplass, Rolf Martin Tande kommuneoverlege Masfjorden, Tord Moltumyr helsesjef Meland, Unn- Iren Tangedal HTV- NSF Austrheim, Ingvild Sylta (vara i prosjektgruppa)HTV- Fagforbundet Osterøy, Mabel Johansen Husbanken, Laila Pletten Ytre NH demensforeining, Torunn Vabø, pensjonistutvalet Hordaland, Astrid Uthaug, NFU Gulen, Jan Lindås, NFU Lindås, Lars Erling Aarland rådgjevar informasjonstryggleik/personvern NH, Karl Johannes Romarheim brannsjef i Lindås, Meland, Modalen, Teknisk avd. og eigedom frå Vaksdal, May Hundvin NAV Nordhordland, Svein Gjerstad bustadkontor Lindås, Hildegunn Baravelli responscenteret Lindås og Heinz Diehl helse og omsorg Fedje.

### **Bakgrunn og forankring**

Kommunane i Nordhordlandsregionen ynskjer å samarbeide omkring utvikling av gode tenester, kompetansebygging i møte med ny teknologi og morgondagens omsorg. Regionen forventar større press på helse- og omsorgstenestene på grunn av demografiske endringar, og auka oppgåver som resultat av samhandlingsreforma. Spreidd busetnad og geografi skapar utfordringar for denne sektoren i mange kommunar. Rett bruk av velferdsteknologi kan føre til at den einskilde brukar i større grad kan oppleve eigenmeistring, tryggleik og auka livskvalitet. Dei fleste ynskjer å klare seg mest mogeleg sjølv, og kunne bu i eigen heim.

Masfjorden kommune søkte om opptak i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet og om tilskot til innføring av velferdsteknologiske løysingar som omfatta både løysingar og implementering, samt responscenter i dei 10 kommunane i samarbeid med Utviklingssenteret for sykehjem og hjemmetjenester på Vestlandet.

Dei 10 kommunane er einige om felles strategi og arbeidsmetodikk for å få til implementering av velferdsteknologi i kommunane. I tillegg bidra med erfaringsformidling til andre kommunar i fylket, og landet.

Dei 10 kommunane har i dag ulik ståstad når det gjeld kompetanse, implementering og erfaring i bruk av velferdsteknologi. Lindås kommune har gjennomført eit stort forskingsprosjekt i velferdsteknologi i perioden 2012-2016 og implementert dette i drift. For å nå prosjektmåla er det viktig å starte eit målretta samarbeid og iverksetje tiltak allereie no. Ein legg til grunn at ein skal følgje nasjonale føringar, jf. Omsorg 2020. Dette er tidkrevjande arbeid og omfattar både brukarar av tenester, tilsette som yter tenester, og påverkar organisering av heile helse- og omsorgssektoren.

### **Hovudmål:**

**I 2020 er velferdsteknologi ein naturleg del av tenestetilbodet i Nordhordlandsregionen.**

**Innbyggjarane skal få etablerte og velfungerande velferdsteknologitenester uavhengig av alder, funksjonsnedsetting og bumiljø.**

**Delmål i prosess mot 2020:**

**1. Brukar**

Tenestemottakar mottar tenester som vert supplert av velferdsteknologi og støttar opp om den einskilde sin trong for tryggleik og meistring. Dette skal bidra til at ein:

- 1.1 opprettheld sjølvstendige og aktive liv
- 1.2 opplever tryggleik og meistring i eigen bustad og på institusjon
- 1.3 får hjelp og støtte til å forstå og ta i bruk teknologien.

**2. Tilsette**

Dei tilsette nyttar velferdsteknologi som supplement til sitt daglege virke ved at dei:

- 2.1 utviklar felles visjon, mål, tilnærmingssmåtar og haldningar til tenestene.
- 2.2 har kjennskap til velferdsteknologiske løysingar og har kompetanse til å vurdere føresetnadane for, og konsekvensane ved å ta i bruk ny velferdsteknologi.
- 2.3 har kompetanse til å rettleie brukar av teknologi.
- 2.4 opplever at aktiv bruk av velferdsteknologi i tenesta bidreg positivt med omsyn til å behalde og rekruttere kompetent helsepersonell.
- 2.5 opplever at arbeidsgjevar satsar på robuste og fleksible teknologiske løysingar, som møter framtida sine utfordringar.

**3. Bærekraftig utvikling**

Velferdsteknologi skal bidra til at kommunane kan tilby fleire tenestemottakarar gode og bærekraftige tenester også i framtida;

- 3.1 Kommunane samordnar bruk av velferdsteknologi, som bidreg til god ressursutnytting og effektive tenester etter BEON prinsippet.
- 3.2 Kommunane etablerar føremålstenlege verkty for dokumentasjon av gevinstrealisering.

**4. Samfunn**

- 4.1 Innbyggjarane opplever at kommunen er godt rusta til å møte utfordringar, ved å kombinera brukartilpassa tenester med velferdsteknologiske løysingar.

**5. Statistikk og dokumentasjon**

Utarbeide tenleg statistikk som kan vise gevinstar innanfor pkt.1-4

- 5.1 gjeldande vedtakstimar 2017
- 5.2 tal brukarar i heimetenesta 2017
- 5.3 tal sjukeheims plassar knytt til tal personar i målgruppa

**Økonomiske Rammer pr. år 2017**

<i>Økonomi/finansiering</i>	<i>Beløp i kr</i>
Tilskot skjønnsmiddlar Fylkesmannen	1 500 000
Tilskot Fylkesmannen	1 800 000
Samla sum tilskot	3 300 000
Tilsetting av prosjektleiarar	1 100 000
Tilsetting av prosjektmedarbeidarar	1 900 000
Driftsutgifter	300 000
Sum prosjekt	3 300 000
+ kommunaleigenandel (møte, opplæring m.m.)	3 300 000
Ny søknad om tilskot i 2018	

**Avgrensingar**

Innovativ anskaffing er utført av Lindås kommune. Radøy og Meland vert inkludert i avtalen. Avtalen gjeld frå 2017-2020 med opsjon på ytterligere 7 år. Dei 7 andre kommunane må parallelt sjå på anskaffing av teknologi.

**Risiko (viktigaste element identifisert ved oppstart)**

Risikovurdering blir konkretisert i eigen prosjektplan.

**Framdrift**


Vert nærare spesifisert i prosjektplan


2017 Aktivitet/oppgåve	0 2	0 3	0 4	0 5	06/0 7	0 8	0 9	1 0	11/1 2	Ansvar
FASE 1										
Sende søknad skjønsmidler for 2017		X								X ny søknad
Sende søknad opptak nasjonale velferdsteknologiprogrammet for 2017			X							x
Styringsdokument Forankring, økonomi og oppstart.					x	x	x	x	x	


FASE 2										
Informasjon og opplæring										
FASE 3										
Anskaffing og implementering										
FASE 4										
Dokumentasjon, evaluering og slutføre.										

## Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av
0.1	23.10.2017	Prosjektmandat etablert	Kari Eidnes Bjørkheim



Saks nr.	TEMA med bakgrunn og dagens situasjon	MÅL	ANSVARLEG	KONKLUSJON	NY AKSJON	FRIST
iDato: 4 oktober Tidsrom: 9 -15		Type møte: Prosjekt møte				
		Tilstade: Kari Bjørkheim, Oddrunn Hoel, Elin Eikemo, Per Waardal (til kl. 11.15), Helga Ellingsen, Anita L. Sævid, Gro Løvik				
01/17	<b>Oppfølging av workshop 3. oktober</b> Stort engasjement, men kommunane er på ulike stad plasser. På samlinga fekk dei jobbe med sine data frå kommunane og lære om det dei skal jobbe med til neste samling som blir heimelekse	Samle ressurspersoner og prosjektgrupper i dei ulike kommunane Gje kommunane verktøy å jobbe etter		Lage ein møteplan for ressurspersonane for å følge opp det kommunane skal jobbe med fram til neste møte	Blir ny samling 6 desember  Denne samlinga må planleggast – ta opp på neste prosjektgruppemøte kven som tek ansvar for dette	Takast opp i møte 18.10
02/17	<b>Oppfølging av 0- punkt målingar 01.10.2017</b> Kommunane skal sende skjermane til prosjektgruppa	Ha eit startpunkt – fyrste del av gevinstrealisering Gi tilbakemelding til kommunane, og bruke denne kartlegginga i det vidare arbeidet.	Gro og Anita	Samanfalla 0 – punktet til kommunane slik at det kan brukast i dialog med kommunane.	Starter dette arbeidet 02.11	
03/17	<b>Møteplan</b> for dei ulike gruppene Prosjektgruppa Ressurspersoner i kommunane Styringsgruppe Referansegruppe  RESSURSPERSONAR .docx	Lage ein struktur for samarbeidet og gjennomføring av prosjektet	Kari kallar inn til møta i prosjektgruppa Oddrun kallar inn til møta for ressurspersonane Kari organiserer kven som skal sitje i referansegruppa og kallar inn til møte	Prosjektgruppa ha faste møter ein gong i veka Ressurspersonane må ha faste møter 1 gong i mnd. Rådmannsgruppa er styringsgruppe og har faste møter allereie Referansegruppa må etableras og ha nokre møter i året	Prosjektgruppa har faste møte kvar onsdag kl. 9 -13 Faste møte for ressurs personane i kommunane 1 gong i mnd. Fyrste møte blir 02.11.17 kl. 12.30 – 15 Sender ut henvendingar til aktuelle medlemmer	



					i referanse-gruppa og ha fyrste møte i januar - 18	
04/17	<b>Velferdsteknologiens ABC</b> Agenda for fyrste samling blir laga og frist for påmelding er sendt	Opplæring av tilsette i kommunane		Per, Elin og Oddrun		Fyrste samling er 25.10 og 26.10 Frist 18.10 til påmelding
05/17	<b>Plan og ansvarsfordeling ifht. utarbeiding/ferdigstilling av styrings- dokument.</b> Er starta opp arbeidet med dette. Går gjennom desse dokumenta på to dagars samling i slutten av oktober Prosjektmandatet må gjerast ferdig tidlegare	Ha gode styringsverktøy i prosjektet		Kari	Prosjektmandatet må vera ferdig så snart som mogleg, mens dei andre dokumenta kan gjerast ferdig seinare	<a href="#">Prosjektgruppemøte, 18.10 – Jobbe med prosjekt-mandatet.</a>  Jobbar med dei andre dokumenta på samlinga på Alver hotell 30 -31.10  Sende prosjekt-mandatet til styrings-gruppa i løpet av november mens dei andre dokumenta sendes i desember
06/17	<b>Referatskriving frå prosjektmøte</b> Referat blir sendt alle kommunane og lagt ut på postlister	Sikre god og lik informasjon til alle kommunane i prosjektet Openheit i prosjekt – deling av informasjon		Alle	Viktig at ein får ut informasjon til alle kommunane og at ein veit kva som føregår	
07/17	<b>Seminar – Velferdsteknologiprogrammet</b> 23 og 24 oktober. Programmet er klart. Ligg på sida til velferdsteknologiprogrammet. Alle i prosjektgruppa skal vera med på denne samlinga	Få opplæring og deling av kunnskap med andre		Alle		
08/17	<b>Konferanse 07.11.2017</b> Programmet er klart. Held på å organisere musikalsk innslag	Forankra prosjektet		Kari		Påmeldingsfrist er 6 oktober




## Nordhordland – saman om velferdsteknologi

09/17	<b>Kontor- oppmøteplass i Hagelia</b> Har fått to kontor på Dampen. Der er det plass til 4 tilsette. Ein kan låne møtelokalar gratis når ein leiger kontor i Hagelia. Møbler og utstyr er bestilt og er venta innan 14 dagar	Sikre ein felles møteplass for heile prosjektgruppa, og eit fagleg miljø saman med IKT, responscenteret og andre.	Helga		Styringsgruppa tek i bruk kontora når utstyret er komen på plass	
10/17	<b>Oppstart ifht anskaffingsprosess i 7 av kommunane</b> Me har behov for eit oppstartsmøte i denne arbeidsgruppa – deler av prosjektgruppa, rådmannrepresentant, innkjøpskompetanse, Ikt kompetanse Sjå på Behovsgrunnlaget og Konkurransgrunnlaget	Skaffe velferdsteknologi til kommunane som ikkje har gjort anskaffing	Elin	Blir eit fyrste møte i denne gruppa i november		
11/17	<b>Opplæringsplan</b> Lage ein plan. Gjekk gjennom forslaget. Skal jobbe vidare med denne. <ul style="list-style-type: none"><li>• Forslag om at ein av møta med ressurspersonane blir lagt til Omsorgsteknologilaben på Høgskulen for omvising</li><li>• Me ynskjer å koma ut til alle kommunane og gje undervisning , evt. halvdagsseminar – blir sendt rundt informasjon til einingsleiarane avdelingsleiarane om dette.</li><li>• Forslag om å ha eit hatt kurs/seminar for leiarar i dei ulike kommunane i endringsleing.</li></ul>	Gje grunnopplæring til alle kommunane	Oddrun og Gro ser på undervisnings – materiale  Helga og Kari ser på om ein kan søke OU midlar	Jobbe med ferdigstilling av denne på samlinga 30 - 31.10 Skal ein ha møte i Bergen for ressurspersonane i byrjinga av 2018?	Lager framdriftsplan for undervisninga i møtet 08.11 eller 15.11	Ferdige i løpet av november  Lager undervisningsmateriale i løpet av november  I løpet av byrjinga av 2018
12/17	<b>Status og prognoserapportering for 2018</b> Sender denne til Helsedirektoratet	Rapportera på tildelte midlar og framdrift i prosjektet	Kari og Helga			Frist 06.10





13/17	<p><b>Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>Gjekk gjennom mandatet til Ressurspersonane</li></ul> <p></p> <p>Mandat for ressurspersonar i pro</p> <ul style="list-style-type: none"><li>Kjøpe inn nokre gåver for å gje vekk til gjester ol</li><li>Opphaldet på Alver hotell: Må bekrefte opphaldet og agenda</li><li>Facebook side</li></ul>	<p>Ha gode styringsverktøy i prosjektet</p> <p>Merkevarebygging, marknadsføra prosjektet Utarbeide dokument og samkjøre prosjektgruppa</p>	<p>Kari</p> <p>Oddrun</p> <p>Kari</p> <p>Guro</p>		<p>Kjem nærmare tilbake til framdrift i seinare møte</p>	<p>Ferdig til fyrste møte for ressurspersonane 02.11</p> <p>Ha produkt innan 07.11</p> <p>Innan 16.10</p>
-------	---	--	---	--	--	---

---

**Fra:** Anita Lønnebakken Sævild  
**Sendt:** torsdag 19. oktober 2017 09:03  
**Til:** Post Masfjorden kommune; Post Osterøy; Postmottak Radøy; Postmottak Modalen; Postmottak Meland; Postmottak Lindås; Postmottak Fedje; Postmottak Vaksdal; Post Austrheim; postmottak@gulen.kommune.no  
**Kopi:** Kari Eidnes Bjørkheim; Helga Irene Ellingsen; Elin Kjersti Eikemo; Oddrun Kari Storheim Hoel; Gro Helen Dyrdal Løvik  
**Emne:** Referat prosjektgruppe 04.10.17  
**Vedlegg:** Referat prosjektgruppe 04.10.17.docx

Hei

Som vedlegg ligg referat frå prosjektgruppemøte i Norhordlandsprosjektet – saman om velferdsteknologi

**Med helsing**

Anita L. Sævild  
Prosjektmedarbeidar



***Nordhordland – saman om velferdsteknologi***

Vaksdal kommune  
Adr. Konsul Jepsensgate 16, 5722 Dalekvam  
Tlf. 959 87 640

**Framlegg til planprogram**

**Kulturminneplan for Masfjorden kommune**

Oktober 2017

## Innhald

1. Kvifor kulturminneplan? .....	3
2. Bakgrunn for planarbeidet .....	3
3. Mål med kulturminneplanen .....	4
4. Rammer og føresetnader for planarbeidet .....	4
4.1 Nasjonale planar og målsetjingar .....	4
4.2 Lovverk .....	4
Plan- og bygningslova .....	4
Kulturminneloven .....	5
Kulturlova .....	5
Andre .....	5
4.3 Regionale planar og rapportar .....	5
4.4 Kommunale planar .....	5
4.5 Andre viktige dokument og kjelder .....	5
5. Ressursar .....	6
6. Plantype, innhald og avgrensingar .....	6
7. Organisering og medverknad .....	7
8. Framdriftsplan .....	7

## 1. Kvifor kulturminneplan?

Kulturminne er alle spor etter menneske i vårt fysiske miljø. Omgrepet omfattar også stader som det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Også naturelement med kulturhistorisk verdi er kulturminne, eller kan inngå som del av eit kulturminne. Kulturminne og kulturmiljø er ein del av grenda eller kommunen sitt kollektive minne, og ved rett forvaltning og bruk fungerer dei som viktige miljø- og identitetsskapande element. Dei representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdier. Dei har noko å seia for identiteten, trivselen og sjølvforståinga til einskildmenneske, dei gjev stader særpreg og eigenart, og dei kan også vera ein ressurs for god samfunns- og næringsutvikling.

Kulturminne er ikkje-fornybare ressursar og kan ikkje erstattast om dei vert øydelagde. Det er likevel ikkje eit mål å ta vare på alt. I staden bør ein sikra eit representativt utval av kulturminne som viser det typiske og særmerkte for kommunen frå ulike epokar, sosiale lag, næringar og etter ulik byggjeskikk og arkitektur. Ein bør også ta vare på ein del av dei heilt spesielle kulturminna som kanskje berre fanst eitt eller nokon få av. Fokus bør vera på det som er særmerkt for Masfjorden kommune og vår region.

For å sikra at ein gjer det rette utvalet, er det naudsynt å laga ei oversikt og prioritering av kva for kulturminne ein ynskjer å ta vare på. Det vil her vera naturleg å sjå utover kommunegrensene i val og prioriteringar av kulturminne og slik få ei meir heilskapleg regional kulturminneforvaltning.

## 2. Bakgrunn for planarbeidet

Det nasjonale målet for kulturminneforvaltninga er:

**Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv.**

Både Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune oppfordrar kommunane til å utarbeida kulturminneplanar, og har også lyst ut tilskot til utarbeiding av planar og registrering av kulturminne. Hordaland fylkeskommune har vedtatt ei målsetjing om at alle kommunane i fylket skal ha vedtatt ein kulturminneplan innan utgangen av 2016. For å nå målsetjinga har fylkeskommunen utarbeida prosjektet *Kulturminneplan i kommunane 2013-2016* som skal følgja opp kulturminneplanarbeidet i kommunane. Kommunane som vert med i dette prosjektet får såleis støtte til utarbeiding av planen og tett oppfølging.

Kommunal planstrategi for Masfjorden kommune 2016-2020 vart vedtatt i kommunestyret den 28.09.2016, sak 059/2016. Planstrategien viser kva for planoppgåver kommunen bør setja i gang eller vidareføra. Kulturminneplan er ei prioritert planoppgåve i denne perioden og skal i følgje planstrategien ha oppstart i 2017.

Masfjorden kommune har følgjande kulturminneplanar frå tidlegare:

- *Plan for vern og rehabilitering av eldre bygningar og bygningsmiljø i Masfjorden kommune (1981)*
- *Kommunedelplan for Kulturvern 1995 – 1999*
- *Handlingsplan for Kulturvern i Masfjorden kommune 2008 – 2012*

### 3. Mål med kulturminneplanen

Måla for kulturminneplanen er at den skal:

- setja kulturminnevern på dagsordenen.
- skapa eit godt grunnlag for ei heilskapleg kulturminneforvaltning ved at den vert nytta i all arealplanlegging og byggesakshandsaming.
- skapa føreseielege tilhøve for eigarar av kulturminne i Masfjorden kommune.
- auka kunnskapen om og interessa for kulturminne i Masfjorden.
- synleggjera potensiale for bruk av kulturminne til undervisnings- og næringsføremål.

Dette vil kommunen gjera ved å:

- Registrera og kartleggja kulturminne og kulturmiljø i kommunen.
- Gjera ei verdurdering av dei registrerte objekta basert på ein klar prioriteringsstrategi.
- Definere målsettingar og laga ein handlingsplan for å sikra ei langsiktig forvaltning av dei viktigaste kulturminna
- Sikra eit sterkare vern/ fokus på objekt som i dag har svakt juridisk vern.
- Formidla kunnskap om kulturminna gjennom t.d. skilting av kulturminne, presentasjon av kulturminne på nettsider, i sosiale medium og i trykksaker, og ved å aktivt ta i bruk kulturminne i samband med ulike arrangement.
- Utarbeida ei illustrert trykksak av den vedtatte kulturminneplanen.

### 4. Rammer og føresetnader for planarbeidet

#### 4.1 Nasjonale planar og målsetjingar

Kulturminnevernet ligg under Miljø- og klimadepartementet. Dei nasjonale måla for kulturminnevernet vert kvart år gjort greie for i Prop. 1 S (2013–2014). Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak). Dei vedtekne måla for kulturminnevernet 2013-2014 er:

1. *Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast. Innan 2020 skal det liggje føre oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal takast vare på.*
2. *Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.*
3. *Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.*

4. *Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.*<sup>x</sup> Andre statlege rapportar og stortingsmeldingar som får konsekvensar for kulturminneplanen er:
  - NOU 2002: 1 *Fortid former framtid. Udfordringer i en ny kulturminnepolitikk*
  - Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner*
  - Stortingsmelding nr. 26 (2004-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*
  - Stortingsmelding nr. 35 (2012-2013) *Framtid med fotfeste*<sup>x</sup> Prop. 1 S (2013–2014). Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak) frå Klima- og miljødepartementet.

#### 4.2 Lovverk

##### Plan- og bygningslova

Planlegging etter plan- og bygningslova skal visa gjeldande og framtidig utnytting av areal i eit område og sikra både bruk og vern av areal. Lova er den viktigaste reiskapen for å ta vare på mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø- Som planmynde har kommunen ei sentral rolle i forvaltninga av kulturarven. Kommunen kan ved bruk av plan- og bygningslova sikra vern av kulturminne på kommuneplannivå (jf § 11-8) og på reguleringsplannivå (jf § 12-6).

## **Kulturminnelova**

### §1 Formål

*Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning.*

## **Kulturlova**

### § 1 Formål

*Lova har til føremål å fastleggja offentlege styremakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivtetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.*

### § 2

*b ) verna om, fremja innsikt i og vidareføra kulturarv.*

## **Andre særlover og forskrifter**

Kommunen har også mynde gjennom fleire særlover som omtalar kulturminne, blant anna som lokal landbruksstyresmakt.

## **4.3 Regionale planar og rapportar**

Regional plan for museum 2011-2015

Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv - Aktiv kvar dag - 2008-2012

Fylkesdelplan for kulturminne 1998-2010

Premiss: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Prosjekt kulturminneplanar i kommunane

## **4.4 Kommunale planar**

### *Kommuneplan 2012-2024*

Kommuneplanen til Masfjorden kommune (side 50) har følgjande hovudmål:

**Kulturlivet i Masfjorden har høg kvalitet, mangfald og breidde og gjev tilbod til alle. Vi er medvitne om verdiane som er knytt til kulturlandskap, kulturminne og kulturmiljø, og har fokus på kultur som ressurs i utviklinga av levande og attraktive bygdesamfunn.**

Under avsnittet om landbruk i kommuneplanen er følgjande delmål formulert på side 65:

**Aktivt arbeid for bevaring og utvikling av kulturlandskapstypene i kommunen vår.**

## **4.5 Andre viktige dokument og kjelder**

- SEFRAK-registeret for Masfjorden.

-Kulturminne i Masfjorden (1979)

- Båt- og sjøbruksregistreringar i Masfjorden kommune, Kulturseksjonen Hordaland Fylkeskommune

- Kulturhistorisk vegbok

- Flyfotoarkiv frå 1950- og 1960-talet

- Diverse lokalhistoriske publikasjonar og planverk:

- *Plan for vern og rehabilitering av eldre bygninger og bygningsmiljø i Masfjorden kommune (1981)*
- *Kommunedelplan for Kulturvern 1995 – 1999*
- *Handlingsplan for Kulturvern i Masfjorden kommune 2008 – 2012*

## 5. Ressursar

Kommunen har fått 100.000 til registrering av kulturminne og utarbeiding av kulturminneplanen frå Riksantikvaren. Arbeidet vil verta organisert av ei arbeidsgruppe og ved behov vil ekstern hjelp verta henta inn.

## 6. Plantype, innhald og avgrensingar

Den kommunale planstrategien seier at kulturminneplanen skal vera ein temaplan. For at flest mogleg skal få høve til å uttala seg undervegs i prosessen og sikra breiast mogleg deltaking, vil planarbeidet likevel følgja prosesskrava i plan- og bygningslova. For å sikra kulturminne og -miljø etter plan- og bygningsloven må vurderingane i kulturminneplanen seinare følgjast opp i reguleringsplanar, arealdelen i kommuneplanen og takast omsyn til i alt planarbeid og byggesakshandsaming.

Kulturminneplanen skal dekkja heile kommunen og alle tidsepokar. Dette betyr at ein i løpet av planprosessen også skal vurderer om bygningar eller andre objekt frå vår tid skal takast med i planen. I all hovudsak vert planen konsentrert om faste, materielle kulturminne. Immateriell kulturarv og lause kulturminne vert berre omhandla i mindre grad. Kulturminneplanen skal ha følgjande hovuddelar:

### 1. Innleiing

Innleiinga vil innehalda ein gjennomgang av kva planen gjeld, definisjonar, informasjon om korleis og kvifor ein tek vare på kulturminna, grunnlagsmateriale for planen og tilhøve til arealdelen i kommuneplanen.

### 2. Temadel

Planen skal ha tematiske kapittel med historie, utvikling og tilstanden og utfordringar i dag innan ulike felt. Tema som vil verta omhandla er fornminne, landbruk og kultur- og stølslandskap, kystkultur, samferdsle og kommunikasjon, krigsminne, kyrkjer og anlegg knytt til kyrkjeleg verksemd, forsamlingshus, offentlege bygg, og kulturminne knytt til næringsverksemd. Ein vil også vurderer om det er nyare tids kulturminne ein ønskjer å sikra for framtida.

### 3. Liste over prioriterte kulturminner

I tillegg til dei objekta som verta omtalt i temadelen, vil ein og laga til ei liste av andre kulturminne med høg verneverdi.

### 4. Handlingsprogram

Handlingsprogrammet skal skissera og prioritera kva for tiltak som bør setjast i verk for å følgja opp innhaldet i kulturminneplanen. Formidling av kulturminne skal vektleggjast i handlingsprogrammet. Handlingsprogrammet vert sett opp for fire år og bør reviderast årleg.

### 5. Temakart

Som vedlegg til planen vil ein laga eit kart som viser alle fornminne, kulturmiljø og dei viktigaste einskildminna.



## 7. Organisering og medverknad

Formannskapet er styringsgruppe for kulturminneplanen.

Ei administrativ, tverrfagleg arbeidsgruppe koordinerer og gjennomfører planprosessen. Denne gruppa består av prosjektleiar Alf Strand, assisterande rådmann Sveinung Toft og fagkonsulent på landbruk Ottar Myrtveit. Andre fagpersonar i kommunen og eksternt vil verta trekt inn ved behov.

Som ekstern referansegruppe vil ein nytta fagpersonar frå Kulturverntenesta i Nordhordland og Hordaland fylkeskommune, lokale lag og organisasjonar bygdelag og grendalag, og privatpersonar med kunnskap og interesse om emnet.

Kommunen er ansvarlig for varsling, offentlig høring og ettersyn av plansaker. Det vil bli lagt opp til ein open høyringsprosess der både offentlige partar og private vert inviterte til å koma med innspel.

Planprosessen skal legge til rette for aktiv medverknad frå innbyggjarar, næringsliv, landbruk, lag og organisasjonar. Det skal inviterast til informasjonsmøte i samband med planen. Informasjon om planarbeidet vil verta tilgjengeleg på heimesidene til kommunen.

## 8. Framdriftsplan

<b>Tid</b>	<b>Handling</b>	<b>Ansvar</b>
Hausten 2017		
Hausten 2017	Utarbeiding av planprogram	Arbeidsgruppa
Hausten 2017	Vedtak om oppstart av planarbeid med planprogram	Formannskapet
	Høyring 6 veker	Arbeidsgruppa
Januar 2018	Vedtak av planprogram	Formannskapet
Våren 2018	Registrering av kulturminne, kvalitetssikring av eksisterande register	Arbeidsgruppa og friviljuge
Mai - August 2018	Utarbeiding av plan	Arbeidsgruppa
September 2018	Ope møte om planframlegget	Arbeidsgruppa
Oktober 2018	Planframlegg til høyring	Formannskapet
Desember 2018	Vedtak av kulturminneplan	Kommunestyret